



**NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM  
PLAN TEMATISK ANSVARSMUSEUM FOR VASSKRAFT,  
INDUSTRI OG INDUSTRISTAD**

Tyssedal, mai 2014

## **INNHOLD:**

|      |  |    |
|------|--|----|
| 1.   | Bakgrunn og føringar   | 3  |
| 1.1. | Oppdraget frå Hordaland fylkeskommune                        | 3  |
| 1.2. | Museumsomgrepet i stortingsmeldingar                         | 4  |
| 1.3. | Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum                       | 5  |
| 1.4  | Ansvarsmuseum  | 6  |
| 2.   | Kvífor NVIM som tematisk ansvarsmuseum – historikk og status | 7  |
| 2.1. | Kort historikk   | 7  |
| 2.3. | NVIM si internasjonale rolle                                 | 10 |
| 2.4. | SINDARK  | 11 |
| 3.   | Avgrensingar og omfang                                       | 12 |
| 3.1. | Definisjon av tema   | 12 |
| 3.2. | Omfang   | 14 |
| 4.   | Tiltaksplan  | 15 |
| 4.1. | Forvalting   | 15 |
| 4.2. | Forsking   | 15 |
| 4.3. | Formidling:  | 16 |
| 4.4. | Fornying   | 16 |
| 5.   | Føresetnader   | 16 |

# NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

## PLAN – NVIM som tematisk ansvarsmuseum for vasskraft, industri og industristad

### 1. Bakgrunn og føringar

#### 1.1.Oppdraget frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (HFK) gir i brev av 27. juni og 10. september 2013 Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) i oppdrag å lage plan som definerer museet si rolle som tematisk ansvarsmuseum for vasskraft, industri og industristad (tiltak 8 i regionalplan for museum) etter at Kultur- og ressursutvalet i Hordaland løyvde kr. 150 000 til tiltaket.

##### Frå museumsplanen:

Tiltak 8 «Styrking av tematisk ansvarsmuseum» er eitt av 9 prioriterte tiltak i museumsplanen med delmål: «*Faglege ansvarsmuseum skal ha klart definerte roller i museumslandskapet.*»

*«Tiltak 8: Styrking av tematisk ansvarsmuseum. KODE – Kunstmuseene i Bergen, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og Baroniet i Rosendal skal ha ei rolle som tematisk ansvarsmuseum innan sine spesialområde, og ha eit fagleg ansvar for desse over heile fylket...Definering av kvart av musea sine tematiske oppgåver, og rolledeling mellom tema og geografi er ei vesentleg arbeidsoppgåve i tiltaket. Dette må avklarast mellom Hordaland fylkeskommune, kommunar og dei tematiske ansvarsmusea...Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum skal halde fram arbeidet med å byggje kompetanse innan vasskraft, industri og industristad.»*

Regional plan for museum i Hordaland slår fast at NVIM er eit eige spesialmuseum:

*«Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) konsentrerer verksemda si rundt forvaltning av industriarven i Odda og i Tyssedal. Museet har nasjonale oppgåver på feltet, er hovudsamarbeidspart i NVE si museumsordning, og har i oppgåve å fokusera på vatn og vassdrag som kraftkjelde, vassdragsvern og konsesjonsbehandling. NVIM driv også forsking på og formidling av industristaden, og korleis vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri påverkar samfunnet. På grunn av sitt distinkte samfunnsoppdrag og tilknytning til NVE, er det tenleg at NVIM framleis er ei eiga museumseining, eit spesialmuseum innan sitt fagfelt.»*



Bjølvø kraftverk 2005 – fotograf: Harald Hognerud (NVIM)

Planen foreslår utvida virkeområde for NVIM i planperioden, i første omgang med industristaden Ålvik i Kvam herad og styrka samarbeid med Hardanger og Voss museum: «*Museet bør utvida sitt geografiske verksemde område, i første omgang til å også omfatta industristaden Ålvik. NVIM må gjennom ein samarbeidsavtale få eit fagleg ansvar for Industriarbeidarmuseet i Ålvik. Samtidig bør NVIM få eit museumsfagleg ansvar for arbeidet med dei mellombels freda kraftanlegga i Ålvik. Samarbeidet med Hardanger og Voss museum må styrkast.*» (Regional plan for musea i Hordaland s. 36-37).

Ved å utvikle kompetanse på desse felta kan museet yte viktig bistand for fylkeskommunane ved å kartlegge og dokumentere og skape gode faglege grunnlag for fylkeskommunar og kommunar sine vedtak.

## 1.2. Museumsomgrepet i stortingsmeldingar

I Stortingsmelding 49 (2008-2009) «Framtidas Museum» (side 145) er det understreka at sjølve samfunnsrolla eller samfunnssoppdraget for musea ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med sine omgjevnadar. I dette ligg stor fagleg fridom og samtidig utfordringar for musea i å definere og avgrense kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv. Dette er eit faglig kjernespørsmål i musea som krev kontinuerlig analyse og refleksjon.

Meldinga definerer følgjande fire kjerneområde for vidare utvikling av musea: Fornying, forvalting av samlingar, forsking/kunnskapsutvikling og formidling.

## **1.3.Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**

### **1.3.1. Føremålsparagraf**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum er ei sjølvstendig privat stifting. Stiftarane er representantar frå kraftbransjen og prosessindustrien i Norge, fagrørsla, kommunar i regionen og ei rekke lokale aktørar.

*«Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.*

*Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonna.*

*Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har også som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tyss I).» (Ref. NVIM sine vedtekter §2)*

### **1.3.2. NVIM – Strategisk plan 2014-2017**

#### **Visjon og overordna mål:**

*Kulturminne frå vasskraft- og industri – verdiar inn i ei ny tid.*

#### **Strategi 1 Dokumentasjon, kulturminnevern og gjenbruk**

HOVUDMÅL: Museet skal medverke til at den teknisk industrielle kulturarven, blir sikra gjennom dokumentasjon, forvalting og ny bruk. Oppgåva som regionalt tematisk ansvarsmuseum må definerast og følgjast opp

NVIM skal forvalte, drifta og vedlikehalde Tyssedal kraftanlegg og andre kulturminne på ein profesjonell, energiøkonomisk og miljøvenleg måte.

NVIM skal bidra til at dei freida elementa etter Odda smelteverk vert sikra.

Museet sine samlingar skal vera digitalt tilgjengeleg. Museet skal arbeide for å etablere Senter for Industriarkiv og gjenstandsmagasin for gjenstandar frå kraftbransjen og prosessindustrien.

#### **Strategi 2 Forsking**

HOVUDMÅL: NVIM skal medverke til forsking på tema nedfelt i føremålsparagrafen i nasjonalt og internasjonalt perspektiv.

### **Strategi 3 Formidling**

**HOVUDMÅL:** NVIM sin viktigaste målgruppe er barn og unge. NVIM skal vera ein attraktiv kulturarena, møteplass og konferansestad, regionalt og nasjonalt. Museet skal vera der folk er og fremje innsikt og refleksjon.

### **Strategi 4 Organisasjon**

**HOVUDMÅL:** Museet skal vera ein attraktiv arbeidsplass gjennom fagleg tyngde og ein god personalpolitikk. Dei tilsette er museet sin viktigaste ressurs.

## **1.4 Ansvarsmuseum**

NVIM er eit museum med nasjonalt ansvar på tema vasskraft, som samarbeidsmuseum i NVEs museumsordning i 10 år og med hovudansvar for vasskraft og vassdragsvern. Ei sentral oppgåve dei siste åra for NVIM er å utvikla nettstaden [www.vasskrafa.no](http://www.vasskrafa.no) samt å bidra med forsking til utstillingar og bøker.

NVIM har opparbeidd kompetanse på tema smelteverksindustri og industristad frå starten i 1985 gjennom intervju, dokumentasjon, arkivbevaring, gjenstandsinnssamling, bygningsbevaring og fagleg nettverkssamarbeid nasjonalt og internasjonalt. Museet er bygd opp etter modellar frå utlandet og spesielt frå Ironbridge i England som var det første industriminnet med UNESCO status og som satsa på industriarkeologi.

Det er eit behov for å bygge opp kompetanse spesielt på felta vasskraft og industri, gjennom rådgjeving og dokumentasjon. Elektrokjemisk/elektrometallurgisk industri i kombinasjon med vasskrafta bidrog til ei betydeleg samfunnsbygging i over 100 år. Bredden i denne historia er på mange måtar eit underkommunisert tema i norsk historie.



*Dokumentasjon Glomfjord kraftverk 2008 – fotograf Harald Hognerud (NVIM)*

## **2. Kvifor NVIM som tematisk ansvarsmuseum – historikk og status**

### **2.1. Kort historikk**

1985 Forprosjekt «Odda industristadmuseum» (OIM) starta opp i regi av Odda kommune

1987 Lokalhistorisk arkiv i Odda. Samarbeidsprosjekt Odda bibliotek og OIM.

Frå 1989 Odda Industristadmuseum (OIM) som halvoffentleg museum med 3 faste stillingar. Smelteverket sine arkiv og bedriftshistorie har museet arbeidd med frå starten i 1985 som prosjekt.

1991-1994 Bedriftsarkivprosjektet - der eldre deler av arkiva til dei største industriverksemndene og kraftselskapet vart ordna. Museet har ordna arkivet etter AS Tyssefaldene og berga DNN aluminium sitt arkiv.

Museet var rådgjevar og pådrivar for dokumentasjon og innsamling av gjenstandar, foto og arkiv etter Norzink AS i samarbeid med bedrifta og pensjonistar der.

AS Tyssefaldene si fotosamling er sikra, digitalisert og ordna.

Dokumentasjonsprosjekt Krenken (1990) industristad og samtidsdokumentasjon

Rapporten «Vestnorsk Vasskraftmuseum» (1989) var eige prosjekt. Rapporten omhandla verne- og formidlingsverdiane til Tyssedal kraftanlegg, industristaden Tyssedal og korleis kraftverket kunne organiserast som museum.

På 1990-talet etablerte museet «Tyssedalprosjektet» saman med Odda kommune med tema utvikling av Tyssedalsamfunnet med kulturarv som ressurs i stadutvikling.

1994 Riksantikvaren la fram «Verneplan for tekniske og industrielle kulturminne». Den konkluderte med at bevaring av industriminner krev så store ressursar at utvalde anlegg av nasjonal verdi representerer utviklinga. Utgreiinga var viktig for museet si vidare utvikling og la grunnlag for Tyssedalprosjektet og fredinga av Tyssedal kraftanlegg i år 2000. I dag er 14 anlegg med i programmet, m.a. Tysso I kraftstasjon og Odda smelteverk.

1998 samarbeid med NVE om etablering av museumsordning. Formelt etablert i 2003 som permanent ordning og NVIM som eit av to samarbeidsmuseum.

1999 – 2007/09 Restaurering av Tyssedal kraftanlegg var det til då største restaureringsprosjektet innan teknisk industrielle kulturminne her til lands.

2003 - Ved nedlegging av Odda smelteverk AS vart det samla, sikra og grovregistrert gjenstandar frå heile produksjonen. Det er utarbeidd fleire dokumentasjonsrapportar, tilstandsvurderingar, mulighetstudiar og idéskisser. Det er gjennomført komparative studium på karbid- og cyanamidindustri og det er forska på smelteverket si rolle som gjødselprodusent. Alt er presentert i papers på konferansar nasjonalt og internasjonalt.

Materialet er også brukt i samband med Rjukan/Notodden sin UNESCO søknad og rapportar i samband med utgreiinga av denne.

Gjennom samarbeid med Statkraft har vi fått tilgang til fotosamlingar, arkiv og fri bruk av undervisningsopplegg og filmar frå anlegg i heile landet.

Samarbeid med NVE og Statkraft har skaffa oss tilgang til omfattande materiale knytt til tema vasskraft. I arbeidet med nettstaden [www.vasskrafta.no](http://www.vasskrafta.no) er det etablert kontakt med kraftprodusentar over heile landet. Det har vore eit breitt utval av tema i utarbeidingsa av nettsidene etter skulane sine læreplanar (ungdomstrinnet og i den vidaregåande skulen).

I samarbeidet med NVE har vi fått hjelp til fagleg utvikling. Museet har delteke i arbeidet med kulturminneplanane til NVE: for kraftstasjonar, kraftforsyning, kulturminne i vassdrag, og dammar.

2007 – 2010 «Oddaproessen», del av Verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren. Samarbeidsprosjekt med Odda kommune. Gjenbruk av industrielle kulturminne som grunnlag for verdiskaping.

2010 - Digitizing heritage og samarbeid med Historic Scotland (sjå kap. 2.3.1)

2010 - Gjennom sikring og restaurering av bygg 26, smia ved tidlegare Odda smelteverk AS har NVIM ivaretatt ei komplett industrismie. Smia vart freda i 2012. Arbeidet med å etablera ei nasjonal smedlinje som del av undervisningstilbodet til Odda vidaregåande skule, er i gang med oppstart i 2015.



*Senter for Industriarkiv opna i november 2013 i bygg 004 på smelteverktomta – eit døme på vern gjennom bruk.  
(foto Harald Hognerud – NVIM)*

2013 Senter for industriarkiv (SINDARK) etablert i tidlegare fordelingsstasjon for straum.

2014 NVIM forvaltar 32 bygg.

## 2.2. Dokumentasjonsarbeid ved NVIM

Som det går fram av historikken over har NVIM lagt vekt på dokumentasjon av bygg og anleggshistorie som inngår i føremålet vårt både lokalt, regionalt og nasjonalt. Med ein etnologisk tilnærming legg vi vekt på menneska i historia og har gjennomført fleire prosjekt der vi har dokumentert arbeidsliv og andre deler av dagleg livet i industristaden. Samtidsnettverket var eit naturleg val då NVIM skulle velje nasjonalt museumsnettverk, saman med Industrinettverket som no samarbeider med nettet for arbeidarkultur.

Konservatorkompetanse er heilt avgjerande for kvaliteten i dokumentasjonsarbeidet. Det ideelle ville vera å ha ein forskarstilling som nytta materiale frå samlingane og resultata frå dokumentasjonsarbeidet. Forskaren skal utøve kjeldekritikk og publisering av vitskaplege artiklar, forskingssamarbeid og presentera «papers» ved internasjonale konferansar. Forskaren kan og leigast ut til oppdragsforskning. NVIM hadde forskar tilsett 2005-2012. Stillinga står vakant grunna manglende midlar. Ved å opprette to slike stillingar ville det for NVIM bli mogeleg å få god kontinuitet i dokumentasjonsarbeidet samstundes som det kunne belysast og publiserast. Og to stillingar ville sikra kontinuitet i opparbeidd fagkompetanse.



Frå på smelteverket 2002 – cyanamidomn. (Foto: Harald Hognerud, NVIM)

### **2.2.1. Sentrale dokumentasjonsprosjekt ved NVIM**

Viktige tiltak i temaplanen er dokumentasjonsprosjekt for å vurdere verneverdiar, kartlegge tilstand og lage kostnadskalkyler for istandsetjing av teknisk industrielle kulturminne til forlenga eller ny bruk. Det er også viktig at ein i slike prosjekt set anlegget inn i ein historisk kontekst.

Rapporten «Tilstand og rehabiliteringsbehov ved Tyssedal kraftanlegg» (1999) la eit svært godt grunnlag for restaureringsarbeidet ved Tyssedal kraftanlegg. Den har seinare danna mal for andre prosjekt.

Tyssedalprosjektet kartla verdfulle kulturminne som grunnlag for vidare planarbeid for industristaden, mellom anna formidla i ein kulturminneplakat.

NVIM har løpende dokumentert eige arbeid med restaurering og endringar i industristad og arbeidsliv.

I år 2000-2002 vart heile produksjonslinja ved Odda smelteverk AS filma («Frå råstoff til produkt»). Samtidig vart det gjennomført ein rekke arbeidslivsintervju. Materialet er verdifullt grunnlag for formidling og mykje brukt.

Rapporten «Odda smelteverk – verneverdiar» frå 2006 gav generell vurdering av Odda smelteverk som verneobjekt og vurdering og presentasjon av kvart bygg. Rapporten har vore eit svært viktig verktøy i verneprosessen.

I 2013 vart omfattande dokumentasjon av kalkomnar og kokstørka, samt riving publisert.

NVIM har laga liknande rapportar på oppdrag: Bjølv kraftverk i Ålvik, Dale I kraftverk i Vaksdal, Glomfjord kraftanlegg i Meløy i Nordland, Sentralbadet Litteraturhus, Portbygg nord. Dei to siste er bygg på smelteverkstomta i Odda.

I dette arbeidet vert det også gjennomført fotodokumentasjon, film, kartlegging av arkivmateriale og gjenstandar, samt intervju med sentrale personar for anlegga.

### **2.3.NVIM si internasjonale rolle**

#### **2.3.1. The International Committee for the Conservation of the Industrial Heritage (TICCIH)**

NVIM er leiar for seksjon i TICCIH for vasskraft og elektrokjemisk/elektrometallurgisk industri. Det vart oppretta ein nettstad og vi var pionerar på feltet. Statkraft, NVE og NVIM ytte midlar til dette arbeidet. Seinare innleidde vi eit samarbeid med Historic Scotland og har deltatt saman med dei på Hydro konferansane der vasskraftprodusentane i verda møtest årleg til konferanse. Nettverket gir kunnskap og høve til å inngå i ulike samarbeid om industriarv på tvers av landegrenser.

### **2.3.2. European Route of Industrial Heritage (ERIH)**

Som ansvarsmuseum skal NVIM visa industriarven i reiselivssamanheng. I dette arbeidet står samarbeidet ERIH sentralt.

I 2010 vart Tysso I kraftstasjon og museet det første godkjende ERIH ankerpunktet i Norge. No vart vi innlemma i eit nyskapande europeisk nettverk med fokus på industrielle kulturminner som reiselivsattraksjonar. Organisasjonen har si hovudformidling på nettsidene [www.erih.net](http://www.erih.net) og skal skape reiseruter mellom industriminne med eit ankerpunkt (Tyssedal).

I 2012 byrja utviklinga av det som no er kalla «Reiseliv i industriens vugge» (RIIV) og som er ei ERIH rute gjennom tre fylke frå Bremanger nord i Sogn og Fjordane gjennom Hordaland (Salhus, Dale of Norway, NVIM o.a.) til Sauda nord i Rogaland. Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum er nav i reiseruta og har ein viktig rådgjevings- og utviklingsfunksjon i nettverket som er under utvikling og utviding med fleire bedrifter og kommunar. Fylkeskommunane i Hordaland og i Sogn og Fjordane har bidratt med betydelege midlar i prosjektet og følgjer utviklingsarbeidet aktivt. Frå 2013 er RIIV også del av Riksantikvaren si satsing verdiskaping på kulturminneområdet.

## **2.4.SINDARK**

SINDARK skal utviklast til eit senter for forsking og formidling av norsk vasskraft- og industrihistorie. Det 3-årige prosjektet skal skapa ein sjølvstendig driftseining med inntekter frå arbeid med industriarkiv.

SINDARK skal sikre at viktige industriarkiv vert teke vare på/kartlagd og føre til auka kompetanse på området. Ved opninga av SINDARK fekk museet som drivar og Odda kommune som oppdragsgjevar mange helsingar frå arkivinstitusjonar som Fylkesarkivet, Bergen Byarkiv og Lokalhistorisk arkiv i Hordaland. Vi ser fram til samarbeid med desse.

Ei utfordring er at SINDARK etterkvar skal bli sjølvfinansiert. Dette skal mellom anna skje ved at arkiveigar betalar for sikker oppbevaring og sikring. Å ta vare på privatarkiv er ikkje lovpålagt, og vil bli nedprioritert av verksemndene. SINDARK bør ha eit fundament i form av eit fast driftstilskot. Vidare skal ein søkje prosjekttilskot til ordningsprosjekt for konkrete arkiv, og for generell utviklingsstøtte til SINDARK. Norsk Kulturråd har løyvd 200 000 til det siste i 2014.

Eit anna viktig aspekt knytt til utviklinga av SINDARK er å byggje opp IT kompetanse på arkiv og selje oppdrag knytt til daglege arkivrutinar og oppbygging av digitale arkiv. Dette kan vera eit felt verksemndene kan vera svært interessert i for å sikre kontinuitet og at kunnskap ikkje vert knytt til personar men teke vare på for framtida

Ei styrking av dokumentasjonsavdelinga ved NVIM vil representere ei styrking av SINDARK. Styrka fagkompetanse vil gjere det mogeleg å auke økonomisk fundament gjennom oppdragsdokumentasjon og oppdragsforsking. Det vil ha gunstig effekt på rekruttering fordi

ein i enda sterkare grad kan tilby eit fagmiljø. Arkivar knytt til SINDARK vil og bli viktig bidragsytar inn i dokumentasjonsprosjekta.

## 3. Avgrensingar og omfang

### 3.1. Definisjon av tema

Det er eit behov vidare i planen å beskrive omfanget og definere innhaldet i dei ulike tema i planen.

#### 3.1.1. Vasskraft

Krafta i vatnet er utnytta på ein rekke måtar gjennom tidene: Frå kvernhus, oppgangssager og andre former for sagbruk, ulike former for møller, ulike former for turbinar – til å drive reimer til industriproduksjon og ikkje minst til å produsere elektrisitet.

Hordaland er vasskraftfylke nr 1 i Norge og med stort potensiale for meir kraftproduksjon. Hordaland fylkeskommune har utarbeidd regional plan for småkraftverk som mellom anna syner dette potensiale og samansetjing av «kraftfylket» Hordaland.

*«Produksjonen av elektrisk kraft [i Norge] var 127,6 TWh i 2011, som er ein auke frå 2010 på 3 prosent. Medan varmekraft og vindkraft stod for høvesvis 4 og 1 prosent av samla produksjon, var delen til vasskraft 95 prosent. I 2011 vart det produsert mest elektrisitet i Hordaland. Straumproduksjonen i dette fylket utgjorde 13 prosent av total kraftproduksjon». (Frå SSB: Høgast straumproduksjon i Hordaland).*

Går ein ut i frå Tyssedal som sentrum vil ein med ein times køyring finne alle former for vasskraftproduksjon.

**Vasskraft i denne planen er definert som: Bruk av vatn til produksjon av elektrisitet frå liten til stor skala og korleis denne produksjonen har bidratt til teknologiutvikling, samfunnsdanning og debatt.**



*Nore kraftstasjon for NVE – til utstillinga «Kraftfull kultur – kulturminne i norsk kraftproduksjon» 2013.  
(Foto: Harald Hognerud, NVIM)*

### 3.1.2. Industri

I regionen er den kraftkrevjande industrien i Odda/Tyssedal, Ålvik og Husnes sentrale kunnskapskjelder til historie og samtid. Vi skal formidle industri som gjennom god tilgang på elektrisk kraft produserte og produserer metall, karbid og gjødsel. Viktige næringar der tilgangen på vatn til elektrisk kraft var bestemmande for etableringa. Industrien har vore viktig for moderne samfunnssdanning. Ansvarsmuseet skal bidra til at betydninga til denne industrien lokalt, regionalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt blir bevart, dokumentert, forska på og formidla. Det har oppstått mange myter og etablerte «sanningar» om fabrikkane og mykje er ukjent fordi dei har vore lukka område for ålmenta.

***Industri i denne planen er kraftforedlande industri i Hordaland. Sikring, dokumentasjon, forsking og formidling av denne historia vert sentrale oppgåver for ansvarsmuseet.***

### 3.1.3. Industristad

Det sentrale i temaet er å plassere menneska inn i den historiske utviklinga av industrisamfunnet. Industrisamfunn er stadig i endring – tilpassa dårlege og gode tider. Det store kraftanlegget i Tyssedal leverte straum til tre store, men ulike industriverksemder. Her kan ein få gode døme på korleis konjunkturar svinga, korleis menneska tilpassa seg. Samstundes er Odda/Tyssedal i samanlikning med industrisamfunn som t.d. Ålvik og Husnes med berre ein fabrikk, mindre sårbar for desse svingingane. Her er det rom for mange spanande komparative studium.

***Industristad i denne planen er tettstadar bygd opp rundt industriverksemder. Rådgjevingsfunksjon kan her gå utover definisjonane i 3.1.1 og 3.1.2.***

### **3.2.Omfang**

Den regionale museumsplanen legg stor vekt på at forsking må styrkast. Og at samarbeidet med universitet og høgskular må styrkast for å gje større tyngde til einskilde prosjekt. Musea sine eigne samlingar kan trekkjast meir aktivt inn i forskingssamarbeidet.

**Vasskraft:** Utfrå NVIM si rolle i NVEs museumsordning; er det naturleg å sjå på tvers av fylkesgrenser, til Sogn og Fjordane og til Rogaland; og få vurdert NVIM si rolle og om det er behov for ei samordning med museum i nabofylka på det aktuelle temaet. I Rogaland er Ryfylkemuseet, Norsk Oljemuseum og Fajansemuseet i Egersund gitt ansvar for industri- og energihistorie. I Sogn og Fjordane har Nordfjord folkemuseum og «De Heibergske Samlinger» fått fylkesansvar for henholdsvis vasskraft- og energihistorie og industrihistorie i det konsoliderte museet «Musea i Sogn og fjordane». Dersom ein skal arbeide utover fylkesgrensene må det initierast prosjektsamarbeid mellom NVIM og desse musea etter drøftingar og avtalar. Vi kan bidra med kompetanse på fleire plan: Dokumentasjon, rådgjeving, formidling. Vi har ei rekkje undervisningsopplegg knytt til vasskraft og produksjon av elektrisitet som har overføringsverdi til andre museum. Frå «det store bildet» vasskraftproduksjon og overføring til detaljar i fysikken: elektromagnetisme, elektrisitet, elektronikk etc. I konsesjonane til dei aller fleste kraftselskapa er det eit krav om kunnskapsformidling – dette er noko dei løyser i større eller mindre grad. NVIM kan tilby løysingar for korleis selskapa kan oppfylle desse krava og skreddersy opplegg for skulane i kraftselskapa sine distrikt. Vi har t.d. eit årleg tilbod til skulane i Kvinnherad som Kvinnherad energi betalar.

**Industri:** Ålvik er nemnt i regional plan for museum når det gjeld sosialhistorie og Industriarbeidarmuseet noko som er naturleg dersom museet som i dag er forvalta av Kvam herad skal vera noko meir enn ein formidlingsstad. Dette må avklarast gjennom møte med Kvam herad, Hardanger og Voss museum, Hordaland fylkeskommune og NVIM. NVIM har deltatt med dokumentasjonsprosjekt som gjeld forslag til restaurering av kraftstasjonen og til gjenbruk. NVIM har også deltatt i bokprosjektet «Ferrofolket ved fjorden». Desse avtalane bør også gjelda korleis smelteverkshistoria til hjørnestensbedrifta «Bjølvefossen» kan sikrast og formidlast i samråd med eigaren Elkem. Smelteverket på Husnes, eigmeldt Norsk Hydro, er i virkeområdet til Sunnhordland museum. Det bør vera naturleg at NVIM får eit ansvar om å sikra og dokumentera smelteverket si historie i samråd med eigar. Det bør avklarast med Kvinnherad kommune, Norsk Hydro, Sunnhordland museum og Hordaland fylkeskommune.

Kunnskapen om fleire av dei store industrietableringane i Norge frå tidleg på 1900 talet og utover er eit udekka felt i museums Norge. Mange stader var det utlendingar som etablerte fabrikkane. Sjølv om dei «konstruerte» norske selskap slik dei gjorde det med karbid og cyanamidfabrikken i Odda var det utanlandsk kapital og kunnskap som la grunnlaget for etableringane. Og denne industrien forma vasskraftrike delar av Norge og sytte for vekst i område med dårleg potensiale for tradisjonelle næringer. Odda og Rjukan er døme på dette.

**Industristad:** Her er det naudsynt med samarbeid med andre industrimuseum, t.d. Norsk Trikotasjemuseum på Salhus for fabrikkbyane Arna og Dale og med andre museum som har ansvarsområde for industristader som Husnes og andre smelteverkssamfunn på Vestlandet på tvers av fylkesgrenser. Dessutan må det avklarast dokumentasjons- og innsamlingsansvar for kjeldemateriale knytt til gruvesamfunn på Stord, Bømlo og Osterøy som er tilknytta smelteverksindustrien i Odda og som kvar på sin måte har «fabrikkbyar» tilknytt. Nedanfor skildrar vi meir av NVIM sin kompetanse ved å gå nærmare inn på NVIM sin praksis og historikk gjennom 25 år.

## 4. Tiltaksplan

### 4.1. Forvalting

- 4.1.1. Kartlegge industri som fell innunder definisjonane
- 4.1.2. Oppretta ei arbeidsgruppe på tvers av fylkeskommunane med mandat å laga ein plan for bevara, samla inn, dokumentera og forska på vasskraft- og industrihistoria i regionen.
- 4.1.3. Dokumentera kraftanlegg av historisk verdi i Hordaland, Sogn og fjordane og Rogaland i samhandling og samråd med dei aktuelle fylkeskommunane, musea og NVE si museumsordning.
- 4.1.4. Oppretta tettare kontakt med Oljemuseet for å hausta av deira erfaringar frå store dokumentasjonsprosjekt.
- 4.1.5. Det bør skaffast eit oversyn over gjenstandar knytt til vasskraftproduksjon og smelteverksindustri og tilstand på gjenstandsmaterialet. Arbeidet med dette må skje i samhandling med Museumssenteret i Hordaland og planen for samlingsforvaltning dei no startar arbeidet med.
- 4.1.6. Tilby dokumentasjonstenester til ulike industriverksemder, kraftanlegg og kommunar når anlegg skal rivast/byggjast om og vidareføring av dette materiale i høve til å laga forslag til restaureringsplan og til plan for ny bruk/attraksjon og verdiskaping.
- 4.1.7. Tilby sikrings- og ordningstenester for Industri- og kraftverksarkiv

### 4.2. Forsking

- 4.2.1. Oppretta faste stillingar for konservator og forskar som skal vera ei slags «fellessteneste» innan dokumentasjon. – ein føresetnad
- 4.2.2. Delta aktivt i forskingssamarbeid med Universitetet i Bergen og med Høgskular i Hordaland og i Sogn og Fjordane
- 4.2.3. Delta aktivt i internasjonale konferansar med paper. Delta aktivt med resultat frå forsking i konferanse og tidsskrift.
- 4.2.4. Tildela Tyssedalstipendet til universitets- og høgskulestudentar. Styrka stipendet gjennom sponsoring og gåver. Og bidra med kompetanse og rådgjeving dersom det er behov for dette.

#### **4.3.Formidling:**

- 4.3.1. Etablera Tyssedal kraftanlegg som det 8 visningssenteret til Statkraft med historisk «raud tråd» for vannlandet Norge.
- 4.3.2. Ta oppdrag frå kraftverk/bedrifter/kommunar om å bidra i forskings- og formidlingsprosjekt.
- 4.3.3. Bidra til eit nettverkssamarbeid med andre vitensenter i regionen på tema energi og industri.
- 4.3.4. Bidra til felles formidling av vasskraft- og industrihistorie digitalt, m.a. [www.vasskrafta.no](http://www.vasskrafta.no)
- 4.3.5. Delta i internasjonalt samarbeid gjennom TICCIH, ERIH og Historic Scotland.

#### **4.4.Fornyng**

- 4.4.1. Bidra til at dagsaktuelle problemstillingar knytt til industrihistorie blir forska på, dokumentert og formidla.
- 4.4.2. Laga plan for digital satsing, der NVIM definerer innhald, kanalar, og publikumsgrupper for satsinga.

### **5. Føresetnader**

**Økonomi:** I ei tid då omsetnaden til museet er redusert frå 15,6 mill. i 2010 til 12,6 i 2013 seier det seg sjølve at vi stadig må omstille drifta. Ein konsekvens er at fagstillingar som blir vakante ikkje blir fylte. Dette fører til at museet vert tappa for kompetanse og dette igjen fører til tapte inntekter. NVIM er no inne i ein spiral som går nedover og som krev tydelege tiltak for å snu denne trenden. Eit tiltak er å styrkja dokumentasjonskompetansen ved å tilsetja i to stillingar: Ein konservatorstilling og ein forskarstilling. Dette vil utløysa positive effektar og mellom anna gi grunnlag for ei betydeleg styrking av heile museet si verksemd.

**Årsak:** Vil gi auka fagleg fundament og leggja grunnlag auka inntekter gjennom oppdragsdokumentasjon og oppdragsforsking. Vil sikra at etablert kompetanse vert vidareført og ikkje går tapt når tilsette sluttar. Vil gi rom for breiare formidling og sterkare samlingsforvalting. Kort sagt – vil snu spiralen frå nedadgåande til oppadgåande og gi museet høve til å sikre eit økonomisk fundament for verksemda. Eit styrka fagleg fundament vil som tidlegare nemnt også styrke etableringa av SINDARK og vera eit byggjande tiltak for Odda som regionsenter.

**Kostnad:** To stillingar à kr. 1 mill. pr. stilling. Behovet er lagt inn som tiltak i søknad til kulturdepartementet for 2015. NVIM søker departementet om kr. 1 million og 300 000 kvar frå Hordaland Fylkeskommune og Odda kommune. Når det gjeld dei resterande 400 000 tek vi høgde for at ein gjennom stillingane skal skaffe dette gjennom oppdragsverksemd.

**Andre føresetnadar:** NVIM må arbeida for å oppretta samarbeid med Ryfylkemuseet i Rogaland og Musea i Sogn og Fjordane ved Nordfjord folkemuseum (energi) og De Heibergske samlingar, Kaupanger om industri. NVIM må også tilrettelegga for samarbeid med universitet og høgskular.

Det er eit behov for at desse viktige felta vert løfta fram i det nasjonale industri- og teknologinettverket. NVIM ønskjer å bidra til dette og vi ber Hordaland fylkeskommune om hjelp til å synleggjera dette behovet ved å knyte kontaktar mot andre fylkeskommunar.